

# Detaljregulering Eidsvoll's gate 2a m.fl.

---



Forenkla ROS-analyse  
Trondheim kommune, 1.12.2025

## Innhold:

Side 2: [Området og tiltaket](#)

Side 3: [Om ROS-analysen: Krav](#)

Side 4: [Om ROS-analysen: Metode](#)

Side 5: [ROS-analyse i tabell](#)


Side 10: Utdjupning: [Trafikkforhold](#)

Side 13: Utdjupning: [Vatn og avløp](#)

Side 14: Utdjupning: [Overvatn og ekstremnedbør](#)

Side 15: Utdjupning: [Kvikkleire/skredfare](#)

Side 16: Utdjupning: [Brannsikkerheit](#)



## 1 OMRÅDET OG TILTAKET

Planområdet ligg langs Eidsvolls gate, i Midtbyhalvøyas landskapsrom, ca 2 km luftlinje frå Trondheim sentrum. Det ligg i eit belte av småhus, mellom dei etablerte boligområda Singsaker og Knausen, og grensar mot sør til universitetsområdet Gløshaugen.

Planen omfattar fem hus med hagar og eit lite parkareal. Alle bygningane er markert på kommunens kulturminnekart. Heile planområdet er i KPA 2022-2034 regulert med hensynssone for bevaring kulturmiljø.

Formålet med planen er å verne området slik det er. Vernet inkluderer eksisterande bygningar, hagar, grøntareal og større tre.



## 2 OM ROS-ANALYSEN: KRAV

*Plan og bygningsloven om ROS (§ 4-3.):*

“Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.”  
([https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_2-1-2#%C2%A74-2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-1-2#%C2%A74-2))



*Kommunen sine krav:*

Byplankontoret har i brev datert 12.5.2025, Tilbakemelding etter oppstartsmøte, vurdert kva tema som skal omtalast i ein ROS-analyse. Desse er:

- 1) Kulturminner
- 2) Støy og støv
- 3) Trafikkforhold
- 4) Vatn og avløp
- 5) Overvatn og ekstremnedbør
- 6) Framtidige klimaendringar
- 7) Kvikkleire/skredfare
- 8) Brannsikkerheit, sløkkevatn og framkomst



### 3 OM ROS-ANALYSEN: METODE

ROS-analysen er laga med utgangspunkt i plan- og bygningsloven sitt krav og regjeringa sin rettleigar til dette, samt kommunen sine krav frå oppstartsmøtet om plansaken. Den aktuelle planen inneber ikkje noko vesentleg endring av dagens situasjon, sidan det ikkje blir lagt opp til større endringar i verken landskap, infrastruktur eller bygningsmasser. ROS-analysen er dermed ikkje laga for å avklare om “arealet er egnet til utbyggingsformål”, men med fokus på å definere handlingsrommet i dagens situasjon og eventuelle omsyn ved større endringar som gjenoppbygging etter brann.

Analysen viser:

- Eksempel på **uønska hendingar** innan gitte tema
- **S:** Kor sannsynleg er det at hendinga oppstår innanfor planområdet?
- **K:** Kor stor **konsekvens** har hendinga for miljø og samfunn, innanfor og utanfor planområdet?
- **R:** Vurdering av total **risiko**, ut frå tilgjengelege kjelder
- **Forslag** til oppfølging i planen
- **Kjelder** brukt i analysen

Vurdering av S, K og R er gitt etter nivå 1-4, med 1 som lågaste nivå. Sjå tabell på neste side.



#### 4 ROS-ANALYSE I TABELL

Tabell 1 Matrise for risikovurdering

|                               |               |                    |             |                   |
|-------------------------------|---------------|--------------------|-------------|-------------------|
| Konsekvens:<br>Sannsynlighet: | 1. Ubetydelig | 2. Mindre alvorlig | 3. Alvorlig | 4. Svært alvorlig |
| 4. Svært sannsynlig           |               |                    |             |                   |
| 3. Sannsynlig                 |               |                    |             |                   |
| 2. Mindre sannsynlig          |               |                    |             |                   |
| 1. Lite sannsynlig            |               |                    |             |                   |

Tabell over: Vurdering av Sannsynlighet (1-4) og Konsekvens (1-4), summert i Risiko (grøn-gul-orange-raud.) Tabell henta frå forenkla ROS-analyse for Reguleringsplan for Sykehusbakken, Gravdal, Vestvågøy kommune, 2014.

Tabell under: Vurdering av sårbarhet for planområdet. Blå tema-ord har lenker til lenger ned i dokumentet, der kunnskapsgrunnlaget for det aktuelle temaet er utdjupe med kart og illustrasjonar og eventuelt nærmare vurderingar. S = Sannsynlighetsgrad. K = Konsekvens. R = Risiko.



|   | Tema og relevans   | Mulege uønska hendingar og konsekvens   | S  | K  | R | Handtering i planforslaget   | Kjelder  |
|---|--|---|----|----|---|--|--|
| 1 | <b>Kulturminner</b><br>Planområdet inngår i, og er ein eksponert del av, eit område med høg kulturhistorisk verdi, også på nasjonalt nivå. Utreiing om kulturhistoriske verdiar i bydelen, planområdet og enkeltbygningar er vedlagt planmaterialet. | Redusert verdi på området som konsekvens av: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Riving og/eller manglande vedlikehald</li> <li>- Fortetting/innbygging</li> <li>- Felling av tre</li> </ul> | S3 | K4 |   | Planen foreslår hensynssone for bevaring kulturmiljø for heile planområdet, med egne føresegn knytt til bygningar, hagar og tre. | Kulturminnevurdering ved Byantikvaren, Trondheim kommunes kulturminnekart, Masteroppgåve Johanne Sognæss 1979, Kommuneplanens arealdel 2022-2034 |

|   | Tema og relevans  | Mulege uønska hendingar og konsekvens  | S  | K  | R | Handtering i planforslaget  | Kjelder   |
|---|---|--|----|----|---|---|---|
| 2 | <b>Støy og støv</b><br>Planområdet ligg ved Eidsvoll's gate, som har ein del trafikk.                                       | Redusert bukvalitet pga støy og støv på uteopphaldsareal og fasader  | S4 | K2 |   | For eventuell bygge- og anleggstiltak som gjenoppbygging etter brann, viser føresegner til eigne retningslinjer for støy (T-1442/2021) og luftkvalitet (T-1520). Aktuelle støyskjermingstiltak er vurdert i planomtalen.  | Trondheim kommune v/Klima- og miljøenheten (internt samråd 24.2.25 og eget møte 10.9.2025)<br>Statsforvalteren i Trøndelag (svar på varsel om oppstart 3.6.25)                |
| 3 | <b>Trafikkforhold</b><br>Tre av husa har avkjørsel direkte ut på Eidsvoll's gate, som i perioder av døgnet har høg trafikk. | Fare for kollisjonar på grunn av reduserte siktforhold og/eller auka trafikk. Særleg med tanke på syklistar på veg nedover, i innersvingen. Det er imidlertid låg trafikk i avkjørslane, og det er ikkje registrert trafikkulykker med personskade langs planområdet dei siste ti åra. | S2 | K4 |   | Det er gjort ei vurdering av muligheten for å samle private atkomstar lenger ned i ROS-analysen. Tiltaket utfordrar planens øvrige formål, og konklusjonen er at negative konsekvensar blir større enn dei positive. Planen gjer i staden andre ting for å sikre trafiksikkerhet som å regulere antal bueiningar og p-plassar på ein eigedom, sikre ei strengare frisiktsone enn normkravet og sette maks krav til breidde på privat atkomst. | Innspel etter varsel om oppstart, frå Trøndelag fylkeskommune, 12.6.2025.<br>Samrådsmøte med fylket 30.9.2025<br>Fagfolk innan trafikk ved Byplankontoret, Trondheim kommune. |


|   | Tema og relevans  | Mulege uønska hendingar og konsekvens  | S  | K  | R | Handtering i planforslaget   | Kjelder   |
|---|---|--|----|----|---|--|---|
| 4 | <b><u>Vatn og avløp</u></b><br>Ledninger for vann og avløp i området er gamle.  | Fare for lekkasjer og redusert tilgang til vatn på grunn av for lite kapasitet på anlegget og gamle ledningar. Fare for overfylt avløpssystem fordi fleire eigedomar manglar separert løysing. | S4 | K2 |   | VA-nettet i planområdet er av eldre dato. Det er ikkje konflikter mellom VA-nettet og etablerte, verneregulerte tre, med eit unntak. For å sikre treet må eventuell graving gjerast i samråd med arborist.             | VA-kart frå Trondheim kommune. Synfaring i området.   |
| 5 | <b><u>Overvatn og ekstremnedbør</u></b><br>Årsnedbøren i fylket er berekna å auke med ca. 20 % fram mot slutten av århundret og talet på dagar med kraftig nedbør er forventa å auke.                             | Skader i terreng og på bygningar som følge av flaum eller store vassmengder.   | S3 | K3 |   | Planområdet har god helling mot Eidsvolls gate. Eksisterande terreng og tre blir sikra i planen. Planen legg ikkje opp til tiltak som aukar risikoen. Vern av dagens situasjon gjer sannsynligheten for skader mindre. | Trondheim kommune ved Klima- og miljøenheten.<br><a href="#">Trondheims kommunedelplan for energi og klima.</a>   |
| 6 | <b>Framtidige klimaendringar</b><br>Dei siste tiåra viser markant meir nedbør og avrenning. Andre tema frå klimaprofilen for Sør-Trøndelag (2016) er auka gjennomsnittstemperatur, vind og skredfare, mindre snø. | Skader i området som følge av flaum, skred eller vind (trefall).<br><br>For overvatn og skredfare sjå pkt 5 og 7, med utdjuvningar lenger ned i dokumentet.                                    | S3 | K3 |   | Planen vernar kvaliteter som kan redusere sannsynligheten for store konsekvensar i området; terrengets skråning, vegetasjon, tre. Tilstand på eksisterande tre er kartlagt, vedlagt planen.                            | Norsk klimaservicesenter; <a href="https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/sor-trondelag">https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/sor-trondelag</a><br>Klima- og miljøenheten i Trondheim kommune<br><a href="#">Rapporten Klima i Norge (2025)</a> |

|   | Tema og relevans  | Mulege uønska hendingar og konsekvens  | S  | K  | R | Handtering i planforslaget  | Kjelder  |
|---|---|--|----|----|---|---|--|
| 7 | <p><b><u>Kvikkleire/skredfare</u></b></p> <p>Planområdet ligg innanfor faresone for kvikkleire.</p>   | Skade på bygningar og menneske som følge av skred.   | S2 | K4 |   | Planen legg ikkje opp til tiltak som utfordrar sannsynlegheit eller konsekvens. Området er vurdert å vere godt nok kartlagt for planforslagets omfang. Ved større tiltak kan krav om nærmare ugreiing kring skredsikring bli utløyst.                 | <p>NVEs kvikkleirekart</p> <p>Trondheim kommune og dialog med NVE</p>  |
| 8 | <p><b><u>Brannsikkerhet, slukkevatn og framkomst</u></b></p> <p>Vanleg i eldre bustadområde som dette at kapasiteten for slukkevatn er for dårleg. Bydelen har høg tetthet av verneverdige trehus. Husa innanfor planområdet ligg delvis tettare enn anbefalt avstand (8m). Eldre VA-anlegg kan bety at kapasiteten til slukkevatn ikkje tilfredsstillir dagens krav.</p> | Skade på bygningar og menneske som følge av manglande brannsikkerhet, for dårleg kapasitet på slukkevatn og for dårleg framkomst for brannbil. | S2 | K4 |   | Brannsikkerheten i området verkar i sum å vere tilfredsstillande, med nokre svakheter. Planen endrar ikkje ved dagens situasjon og er ikkje til hinder for forbetringar. Søknad om tiltak vil kunne utløyse krav omkring utbetring av brannsikkerhet. | <p>Trøndelag brann- og redningsteneste;</p> <p>Telefonsamtale med Ole Ludvigsen 24.9.2025, e-post fra Hilde Sivertsen 1.10.2025.</p> |

### Utdjupning: Trafikkforhold (3)

| <i>Dagens situasjon</i>  | <i>Ny situasjon</i>  |
|--|--|
| <p>Tre eigedomar har i dag atkomst til Eidsvoll's gate; Eidsvoll's gate 2a, 2b og 4. Atkomstane går ut i innsida av ein sving, dels midt i eller nær eit lyskryss, og med nærmaste kjøreretning i nedoverbakke. Fartsgrense i Eidsvoll's gate er i dag 40 km/t. ÅDT er i følge <a href="#">Nasjonale vegdatabank</a> 5400. Særleg syklistar med høg fart på veg nedover, på fortau i innersving ved atkomstane, er ei utfordring. Trøndelag Fylkeskommunen ber kommunen vurdere om antal atkomstar frå Eidsvoll's gate i planområdet kan reduserast. Flytting av atkomstar rører imidlertid ved fleire hensyn.</p> <p>Kartet under viser dagens atkomstar.</p> | <p>Det er gjort ei vurdering om planen kan legge opp til at to eller tre av atkomstane på sikt blir slått saman, for å betre trafikksikkerhet. Den beste atkomstsituasjonen i området ligg på avstand frå lyskrysset og lengst muleg opp i svingen. Å samle alle tre atkomstane til ein felles i dette området, vil innebære å etablere ein privat forsyningsveg parallelt med Eidsvoll's gate ned til nr 2b. Dette vil kreve ein stor arealbruk til atkomstar og snuareal, og gje ei uheldig innramming av området mot vegen.</p> <p>Eit mindre arealkrevjande alternativ ville vere å samle atkomstar for nr 2b og 4 i ein felles atkomst mellom seg, sjå illustrasjon under. Dette er vurdert vidare.</p> |
|   |    |

Planområdet skrå, og atkomstane er i dag plassert rasjonelt etter dette ved å gå på langs (nr 4) eller på tvers (nr 2a og 2b) av stigninga. Slik utgjør kvar atkomst minimale terrenginngrep. Samstundes legg alle atkomstane opp til ein trinnfri adgang til husa, ei løysing som potensielt forlenger bruksverdien av huset for ein eigar.



Eit særtrekk ved bygningstypologien for dei tre husa, er innføring av garasjar samanbygd med husa. Dette var eit nytt og moderne trekk da desse husa vart bygd, og blir underbygd av korleis dagens atkomstar er plassert. Frå Eidsvolls gate kan ein forbipasserande sjå rett inn på garasje og inngang, noko som inviterer forbipasserande til å få innblikk i unike kulturhistoriske kvalitetar i området.

## Vurdering

Løysinga vil gje den fordelan at det blir ein atkomst mindre ut på fylkesveg. Det gjev også den fordelan at det blir ein atkomst mindre nær lyskrysset og fotgjengerovergangane. Den nye atkomsten kjem i tillegg høgare opp i bakken og litt ut frå den krummaste delen av svingen.

Løysinga gjev imidlertid også fleire utfordringar.

*Terreng:* Løysinga vil truleg kreve ein liten støttemur i nr 4 sin hage. Begge eigedomane mister kvaliteten med trinnfri atkomst og visuell kontakt direkte til husa sine inngangar.

*Garasjar:* Nr 2b mister samanheng med eksisterande garasje. Nr 4 har ikkje garasje i dag, da opprinneleg garasje er i bruk som buareal i tilknytting til hovedhuset. Løysinga bør som minimum innebere ei vurdering av ny garasje for 2b. Det vil kunne vere naturleg å samstundes vurdere ny garasje for nr 4.

*Arealbruk trafikkareal vs hageareal:* Den nye atkomsten, med snuareal, oppstillingsplassar og eventuelle nybygg vil ta vesentleg areal frå dagens hagar. Det aktuelle arealet har gode opphaldskvalitetar gjennom å vere sørvendt og ha etablert vegetasjon. Dagens atkomstar vil skulle reetablerast som hageareal. Dette vil for 2b kunne bety tilførsel av uteareal med opphaldskvalitetar, men for nr 4 ikkje ha vesentleg betydning fordi arealet er tett knytt til vegareal.



Atkomst til Eidsvolls gate 2b

Dagens atkomst viser ei arealmessig nøysom løysing, der minst muleg hageareal er i bruk til køyreareal. Samstundes er dagens atkomst ramma inn av etablerte hager med stort artsmangfald.

Trøndelag fylke planlegg ein ny tovegs sykkelveg på motstående side av gata. Denne vil samle sykkeltrafikken på god avstand frå atkomstane og redusere omfanget av syklistar på fortaug.

*Inngripande:* Å kreve flytting av atkomstar grip inn på den private eigedomsretten, og betyr ein periode med planlegging for ny løysing og deretter anleggsarbeid for den enkelte eigar. Det vil også kunne føre til behov for å føre opp ein nye garasjar, som er betre knytt til ein ny atkomst.



### **Konklusjon**

Planforslaget vurderer at ulempene for både byområdet, hagane og eigarane vil vere større enn fordelane. Det er også vurdert at antal syklistar, som er den mest utsette trafikkgruppa i kryssa med atkomstane, vil bli kraftig redusert når ny sykkelveg kjem på plass på motsatt side av gata.


Planforslaget foreslår å betre trafiksikkerheten med andre tiltak:

- Det sikrar at trafikken til og frå husa ikkje blir auka, sidan det ikkje blir fleire bustader her og antal oppstillingsplassar er begrensa.
- Det krev at atkomstar har ei maks bredde på 4 meter, slik at utkøyringspunkt blir tydeleg lesbart.
- Det gjev ei sikring av frisiko til fortau, som er eit strengare krav til sikt enn normkrav. Frisiko er teikna inn på plankartet.


## Utdjupning: Vatn og avløp (4)

| <i>Dagens situasjon</i>  | <i>Ny situasjon</i>  |
|--|--|
| <p>Nr. 25 har lagt nye private stikkledningar i 2021, med separert løysing. Resten av dei private leidningane er av eldre dato, tilbake til 1923 på det eldste. Kommunalteknikk har gitt innspel til at planen ikkje bør vere til hinder for oppgradering av dette. Det må også kunne graves ved uforutsette hendingar og lekkasjar. Risikoen for dette er større jo eldre ledningene er.</p> <p>Hovedutfordringa med graving i området er trea, som kan få redusert levetid pga skader. Dette er tilfelle for to tre i krysset ved Øvre allé.</p> | <p>Samanstillinga under viser at ein kan gå ut frå at det ikkje er direkte konflikthar mellom etablerte tre og VA-nettet. Eit unntak er situasjonen mot Øvre allé i nord. For å redusere graving til eit minimum kan det vurderast såkalla no-dig-løysingar, punktgraving og at vegetasjon blir forsvarleg teke hand om under arbeidet slik at det kan settast tilbake etterpå. Graving i dryppsoner til eksisterande tre bør overvåkast av arborist. Etter graving må terrenget og den hagemessige karakteren tilbakeførast i henhold til føresegner.</p> |
|  <p><i>Dagens oversikt over VA-nettet i området. Blå = vann, grøn = spillvann, svart = overvann og rød = avløp felles (både spillvann og overvann, ikke separert)</i></p>  |  <p><i>VA-kartet supplert med plassering av etablerte tre i området, som planforslaget vernar. Plassering av både ledningar og tre kan vere noko upresis.</i></p>  |

## Utdjupning: Overvatn og ekstremnedbør (5)

| <i>Dagens situasjon</i>  | <i>Ny situasjon</i>   |
|--|---|
| <p>I Trondheim kommunes kommunedelplan for vatn 2022-2033, står det at nedbørmengden i Trondheim har auka med 20-40 % samanlikna med tidlegare normalperiode (1971-2000). Store deler av byens rørsystem er dimensjonert for regn som var forventa å kome kvart 20. år, men som no viser seg å kunne reknast å kome kvart 10. år.</p>  <p>Kartet viser kvar vatn renn innanfor planområdet. Det meste blir handtert i Eidsvoll's gate, med mindre dreneringslinjer gjennom planområdet. Planområdet har god helling mot Eidsvoll's gate, og kartet viser ingen områder for oppsamling av vatn innanfor dette området.</p> | <p>Planen legg opp til vern av dagens situasjon, også for uteareal. Å hindre framtidig utbygging av området og verne terreng og etablert vegetasjon, er i praksis også å sikre at området evne til å handtere overvatn og ekstremnedbør i ein framtidig situasjon ikkje blir redusert. Planen verner store tre. Dette er gunstig i handtering av overvatn og ekstremnedbør fordi dei tek opp og held på mykje vatn.</p> |

## Utdjupning: Kvikkleire/skredfare (7)

| <i>Dagens situasjon</i>   | <i>Ny situasjon</i>   |
|---|---|
| <p>Planområdet ligg innanfor faresone for kvikkleire i NVEs kvikkleirekart, vedlagt gjeldande KPA. Det er gjort fleire registreringar i nærområda, der Multiconsult har vurdert ny faredrag som “lav”. Det er også gjort vesentleg forbetring i kritisk snitt mot Nidelva, i samband med utbygging på fengselstomta bak Samfundet.</p>  <p><i>Illustrasjonen viser NVEs kvikkleirekart. Planområdet ligg i gul skravur, litt nord for lilla skravur, midt i kartet.</i></p> | <p>Planen har følgende bestemmelse om kvikkleire/grunnforhold (§5.3): Ved tiltak som medfører terrenginngrep eller tilflytting av personer skal tilstrekkelig sikkerhet mot skred dokumenteres i henhold til NVE-veileder 1/2019 eller senere revisjoner av denne.</p> <p>Vidare tillet den ikkje seksjonering eller fleire bueiningar i området, vernar dagens terreng og vegetasjon, med særleg vekt på etablerte tre som bind terrenget.</p> |


## Utdjupning: Brannsikkerheit, slokkevatn og framkomst (8)

| <i>Dagens situasjon</i>   | <i>Ny situasjon</i>   |
|---|---|
| <p>Alle husa i planområdet er i brannklasse 1. Alle er einebustader, med unntak av Øvre allé 25 som er horisontaldelt tomannsbustad.</p> <p><i>Krav per bueining</i><br/>Typisk utfordring i dette området er at einebustader blir endra til to- og firmannsbustader, hyblifisering og ulovlege ombyggingar. I to-mannsbustad må kvar bueinheit, kjeller, loft, rømningsvegar osv. vere eigne brannceller.</p> <p><i>Avstand mellom bygningar</i><br/>Byggeforskrifta frå 1985, BF85, krev minst 8 meter avstand mellom bygningar som ikkje er skild med branncellebegrensande vegg/konstruksjon. Avstand mellom Øvre alle 25 og Eidsvolls gate 4 er ca. 12 meter, men mellom hovedhusa er det to uthus/garasjar som heng saman og ligg knapt 1 meter frå Eidsvolls gate 4 og knapt 3 meter frå Øvre alle 25. Avstanden mellom Eidsvolls gate 4 og 6 er 5-6 meter, men Eidsvolls gate 6 har et tilbygg/utbygg som knapt er 2,5 meter fra Eidsvolls gate 4.</p> <p><i>Tilgang til slokkevatn</i><br/>I tidlegare forskrift, som desse bustadene er oppført etter, var det mindre fokus på brannkummer og avstander, enn det er i dag. Typiske tendenser i eldre bustadområde som dette er at kapasiteten for slokkevatn er for dårleg; det er for langt mellom tilkoplingspunkt og</p> | <p><i>Krav per bueining</i><br/>Planen tillet ikkje fleire bueiningar, seksjonering eller hyblar. Planen hindrar ikkje oppgradering av branntryggleik internt i kvart enkelt hus, dersom denne viser seg å ikkje vere etter dagens krav. Tiltak kring brannsikkerheit som fører til fasadeendring, om installasjon av elementer på bygningsfasade, må vurderast av Byantikvaren.</p> <p>Ved eventuelt nybygg/erstatningsbygg i området, vil dagens bygningstekniske krav (TEK 17) med krav til blant anna brannkummer, slokkevatnkapasitet, adkomstvegar, breidde på vegane, osv. skulle følgast. TBRT viser også til rettleiar for rednings- og slokkeinnsats: <a href="#">Forsider tilrettelegging</a>)</p> <p><i>Avstand mellom bygningar</i><br/>Planen er ikkje til hinder for riving av uthus i Eidsvolls gate 4 og/eller frittstående garasje i Øvre allé 25.</p> <p><i>Tilgang til slokkevatn</i><br/>Bytting av VA-ledninger vil kunne vere aktuelt i nær framtid. Ei oppgradering av desse vil forbetre kapasitet på slokkevatn. Planen er ikkje til hinder for dette arbeidet. Dersom ein eigar ønskjer å gjere større tiltak på sin eiendom før kommunen har skifta leidningane, vil ansvaret for utskifting kunne overførast på eigar gjennom TEK som eit vilkår i byggesaken.</p> |

dimensjonane på vassledningane held ikkje dagens standard. VA-anlegget i planområdet er delvis av eldre dato, og dekker dermed ikkje dagens krav. Eit unntak er VA-anlegg for nr 25, som vart lagt i 2021. TBRT vurderer at slokkevatnkapasitet og avstandar mellom brannkummer og Eidsvolls gate 2a og 2b og Øvre alle 25 og 27 er tilfredsstillande. For Eidsvolls gate 4 er avstandskravet litt overskredde (både frå Øvre allé og Eidsvolls gate).

#### *Framkomst til husa for brannbil*

Framkomst heng saman med gatebreidder og løyve til parkering. Ut frå dagens krav og kartet til Trondheim kommune, verkar det som om adkomstvegen er for smal forbi Øvre alle 25 og 27. Kravet er imidlertid at brannvesenet skal kunne parkere brannbilen maks 50 meter frå inngang til bygga. Det ser ut som om dette er oppfylt for alle husa.



*Røde punkt viser brannvannskummer; i krysset Eidsvolls gate/Høgskoleringen, i krysset Øvre allé og atkomst til Øvre allé 25 og 27 samt litt lenger opp i Eidsvolls gate.*